

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagbring@gmail.com

VIJAY IYER TIL TOPPS I KÅRING

Kritikarane i jazzmagasinet Down Beat har kåra den beste musikken frå fjoråret. Årets artist er pianist Vijay Iyer, som var Artist in residence på Moldejazz i 2017. Vijay Iyer Sextet vart beste jazzgruppe. Kritikarane meiner at Cécile McLorin Salvants album *Dreams and Daggers* var det beste. Av historiske album kom Miles Davis og John Coltranes *The Final Tour: The Bootleg Series, Vol. 6* på topp, og det er berre nokre få av mange kategoriar vinnarar.

Foto: Kjell Herskedal / NTB scanpix



Titus Andronicus byd på 38 ræe minutt med hjelp frå produsent Bob Mould. Pressefoto

utvitydig eit uttrykk for denne. Men til same tid er det vesentleg for denne plata at ho skriv seg inn mot eit pønke-etos Mould har vore med på å byggje og forvalte frå 1980-åra og utover.

Fascistane er på frammarsj, og ja, tenkjer eg, når eg lyttar til sistespetet «Tumult Around the World», energien og utløpet i denne musikken er framleis særleg godt eigna til å sparke

frå seg og setje skapet på plass – til å lage lyden av «tumult», dette gode, gamle ordet ein ikkje så ofte høyrer frå høgtalaren, som lokkar fram synonym som «oppstyr», «(gate)uro», «bråk» og «kampar» i mi ordliste.

ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.

Hagler og pistolar

Korleis lét eit sørtysk bondebryllaup på midten av 1700-talet?

STANDARD-INNSPELINGA



LEOPOLD MOZART, GEORG DRUSCHETZKY:

Musica Curiosa

CAPELLA SAVARIA; DIR.: PÁL NÉMETH. HUNGAROTON 1987

Det kan synast som eit paradoks: Samstundes med at det klassiske orkesteret i løpet av 1700-talet blei standardisert til den besetninga me i dag kallar symfoniorkester (instrumentariet blei uniformert), voks interessa for kuriøse instrument, særleg dei frå folkekulturen. Det var denne historiske trenden det ungariske tidlegmusikkensemblet Capella Savaria under leiing av Pál Németh ville dokumentera i 1986, då dei spela inn albumet *Musica Curiosa*. Her spelar dei musikk av tyskkaren Leopold Mozart (1719–1787), far til Wolfgang, og tsjekkaren Georg Druschetzky (1745–1819). Verka har alle eit klassisk ensemble til grunn, utvida med bondeinstrument av ymse slag.

KUSTUS PÅ BIKKJENE

Den eksentriske militærmusikaren og paukevirtuosen Druschetzky, som gjorde karriere i Budapest, skreiv sin *Parthia auf Bauerninstrumenten* (Suite for bondeinstrument) for ei rekkje sjeldne instrument, som dei ungariske musikanerane her kunnig demonstrerer: klokkespel, lirekasse, hakkebrett, sekkepipa, lirekasse, alpehorn og cister – eller «cithar», som Johann Nordahl Brun kallar dette luttliknande klimpreinstrumentet



«Bondebryllaupet». Oljemåleri frå kring 1568 av Pieter Bruegel den eldre (1525–1569).

han i 1790 «tog i Hænde» for å fordriva sorga «paa Ulrikkens Top».

Verknaden av denne uortodokse instrumenteringa må vel den gong ha vore som om ein av våre klassiske samtidskomponistar i dag hadde komponert ein suite for strykeorkester, elgitar, trekkspel – og hagle.

Ja, for Leopold Mozart komponerte faktisk ein «jakt-symfoni» for to horn, strykarar, hagler og gøyande hundar (sistnemnde har berre ei kort solistrolle, dei skal berre gneldra i seks taktar – dei må ha hatt god kustus på bikkjene den gongen). Men divertimentoet som Capella Savaria spelar på dette albumet, «Bondebryllaup» frå kring 1755, krev ikkje hagler. Det krev pistolar, som ungararane trekte under innspelinga i 1986.

BALKANBRYLLAUP

«Bondebryllaupet» er såkalla programmusikk, altså instrumentalmusikk der ein

forteljande tekst ligg til grunn, men utan at denne blir resitert eller sunge. Programteksten Leopold Mozart nytta, er gått tapt, men den skriftlege instruksjonen hans til musikanerane er heldigvis overlevd. Fyrstesatsen «Macia villanesca» byrjar som ein staseleg wienerklassisk marsj, før sekkepipa og dreielira dreg stilnivået nokre hakk ned. Om denne skriv komponisten nøyaktig i kva for taktar musikanerane skal gaula, plystra og skyta i lufta med pistol, «slik ein plar gjera ved bryllaup».

Dette med skyting i bryllaup er elles noko eg assosierer med bryllaupsfestar på Balkan. Men det var vel vanleg her heime i gamle dagar òg – eg tenkjer på Tidemand og Gudes «Brudeferd i Hardanger» (1848), der brureparet òg har skyttar med til fjords.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikaner og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

Eklektiske konsertar

CD



FRANCIS POULENC:

Concertos

CHRISTIAN IHLE HADLAND OG

HÅVARD GIMSE, KLAVER; KÅRE NORDSTOGA, ORGEL; KRINGKASTINGSORKESTERET; DIR.: TOMAS SØNDERGÅRD OG PETER SZILVAY. LAWO 2019

På dette fine Francis Poulenc-albumet med Kringkastingsorkesteret får me tre konsertar med tre solistar: Fyrst Christian Ihle Hadland i den nette *Klaverkonsert i cissmoll* (1949), der Poulenc leikar seg med russisk-romantiske

melodiar og barokke rytmar. Så Hadland saman med Håvard Gimse i *Konsert for to klaver i d-moll* (1932), den med den smekjande, Mozart-aktige andresatsen.

Og til slutt høgdepunktet, nemleg *Orgelkonsert i g-moll* (1938), som byrjar med blytunge orgelakkordar à la J.S. Bach. Slike stykke for stort orgel og orkester læt som om dei er for to orkester. For orgelet byr på så rike klangfargekombinasjonar at det i seg sjølv er som eit orkester. Samspelet som domorganist Kåre Nordstoga her får til med Kringkastingsorkesteret i Oslo domkyrkje, er lytelaut.

SJUR HAGA BRINGELAND



Den franske komponisten Francis Poulenc (1899–1963).

